



Barne-, ungdoms- og familieetaten

Region vest senter for foreldre og barn

Jobbnorge-ID: 143343

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Seniorrådgjevarar til nasjonalt spisskompetansemiljø for sped- og småbarn

Vil du vere med å etablere eit nasjonalt spisskompetansemiljø for sped- og småbarn?

Ved Region vest senter for foreldre og barn er det ledig 2 faste 100 % stillingar i nytt nasjonalt spisskompetansemiljø for sped- og småbarn. Spisskompetansemiljøet skal ha fem tilsette, og det er tilsett i tre av stillingane, kor kompetansen er psykologspesialistar med klinisk erfaring og psykolog med t.d. forskarkompetanse.

Region vest har fått nasjonalt ansvar for å vere spisskompetansemiljø for sped- og småbarn, noko som er ei særers spennanda oppgåve. Miljøet vil få ei sentral rolle i utvikling av dette fagområdet, samstundes med fokus på det kliniske arbeidet.

Region vest vil arbeide på oppdrag for Bufdir med eit nasjonalt fokus på det statlige tilbodet til spe- og småbarn, for å bidra til å sikre dei minste barna sine vilkår.

Ved å jobbe i spisskompetansemiljøet vil du få moglegheit til å vere med og bidra til praksis- og fagutvikling i samarbeid med direktoratet, og å dele og utvikle kompetanse og leiande praksis.

Arbeidsstad er i Bergen, ved regionkontoret i Strandgaten 59.

Ein må pårekne reiseverksemd.

Region vest senter for foreldre og barn har erfarne psykologar og fagpersonar, både i Stavanger, Førde og Bergen. Avdelingane har høg fagkompetanse, nytt videokonferanserom og gode fasilitetar, slik at det er lett å samarbeide med dei andre psykologane, fagpersonane og avdelingane.

Arbeidsoppgåver/ansvarsområde

- Delta i nasjonalt utviklingsarbeid knytt til mandat for spisskompetansemiljøet for spe- og småbarn, med fokus på forskning, kunnskap og fagutvikling, vurdering og anbefaling av metodikk og verktøy.
- Sikre bruk og implementering av metodikk/kartleggingsverktøy.
- Undervisning internt og eksternt.
- Kvalitetssikre utgreiings- og behandlingsarbeidet, og sikre det skriftlege arbeidet.
- Fagleg rettleiing.
- Eige klinisk arbeid inn mot familiane.

Kvalifikasjonar

- Utdanning som barnevernspedagog, sosionom eller tilsvarande, med vidareutdanning på masternivå i sped- og småbarn, barnevern, psykisk helse eller liknande.
- Påbegynt master og/eller relevant vidareutdanning og erfaring kan vurderast.
- Erfaring frå feltet spe- og småbarn.
- Erfaring med metodikk/verktøy knytt til utgreiing og behandlingsarbeid med sped- og småbarn og deira foreldre.
- Ynskjeleg med prosjekterfaring og rettleiings- og undervisningserfaring.

Personlege eigenskapar

- God evne til fagleg refleksjon og initiativ.
- Gode samarbeidsevner, fleksibilitet og kunne jobbe både sjølvstendig og i team.
- God munnleg og skriftleg framstillingsevne.
- Evne til å rettleie og formidle.

Vi tilbyr

- Stillingsane er plassert i statleg lønsregulativ i kode 1364 seniorrådgjevar, pt. kr. 400 100-686 900 pr. år (ltr. 45-75). Avlønning vert vurdert etter utdanning og erfaring.
- Moglegheit for fleksibilitet og fagleg påfyll.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse jf. Lov om Statens pensjonskasse, som inneber ei god tenestepensjonsordning, tilbod om bustadlån til konkurransedyktige vilkår, samt yrkesskade- og gruppelevsforssikring.

Generelle opplysningar

- Staten legg vekt på mangfald på arbeidsplassen og oppfordrar kvalifiserte kandidatar til å søkja - uavhengig av alder, kjønn, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Bufetat har som eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttera personar med fleirkulturell bakgrunn.
- Stillinga er for tida lagt til Region vest senter for foreldre og barn.
- Politiattest vert kravd framlagt ved tiltredinga, jf. lov om barnevern § 6-10 og forskrift om politiattest § 6. Denne attesten skal ikkje leggjast ved søknaden.
- Bufetat er ei IA (Inkluderande Arbeidsliv) -verksemd.
- Vi gjer oppmerksom på at opplysningar om søkjaren kan verta gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verta ført opp på søkjarlista, jf. Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova), § 25.

Kontaktperson for stillinga

Fagleiar spisskompetansemiljø Hanne Braarud - tlf. 466 18 323 eller HanneC.Braarud@bufetat.no

Leiar Region vest senter for foreldre og barn Anne Kleiven - tlf. 466 19 246 eller anne.kleiven@bufetat.no

Søknad med CV sendes elektronisk via link på denne sida.

Vitnemål og attestar med bekrefta stillingsstørrelse og varighet skal tas med ved et evt. intervju, eller leggjast ved elektronisk.

Søknadsfrist: 31.10.17

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: